

Det Norske Teatret

# Vito! Vito!









0109 151187









## Rikki Septimus

Rikki Septimus er kosmopolitten personleg – fødd i Sør-Afrika, utdanna som dansar i London, busett i København og med Danmark, Noreg og Finland som arbeidsområde. Han er skodespelar, instruktør, koreograf og – sjølvsgagt dansar; han spelar på engelsk, svensk, dansk og – sjølvsgagt – nynorsk.

Rikki Septimus var ein viktig faktor i den musical-feberen som starta med «West Side Story» på Det Norske Teatret. Han var instruktør, koreograf og spela dessutan rolla som Bernardo. Same trippelbragden gjorde han om igjen i «The King and I», der han hadde rolla som Kongen av Siam.

– Kva er ein musical?

– Vår tids teaterform. Ein musical gir rom for realistisk menneskeskildring, og fleire kunstnarlege uttrykksformer får plass innan musicalramma. Før rådde operettene grunnen, men musicalen svarar betre til vår tids smak.

– Er musicals «berre underhaldning»?

– Det kommer sjølvsgagt an på kva ein krever av teatret. Men eg vil svare nei. «West Side Story» er eit drama. Der fekk vi møte den puerto-ricanske minoritetsgruppa i New York, deira spesielle problem og uttrykksmåtar. Dansen og songen var nødvendige for å formidle det spesielle ved denne gruppa, og det samme gjeld «Spelemann på taket» som jo handlar om den jødiske minoriteten i ein russisk landsby. Særpreget blir ikkje berre uttrykt gjennom dialogen.

– «Vi to! Vi to!»?

– Er eit døme på at musicalforma òg gir rom for ei enkel historie om to menneske som lever saman og blir gamle saman. Stykket fortel ikkje om dei monumentale samfunnsproblema, men viser dei små hendingane som vel alle ektefolk har opplevd.

– Har dette vore ei vanskeleg oppsetjing?

– På mange måtar den vanskelegaste eg nokon gong har gjort – fordi alt er så enkelt. To menneske på scenen heile tida, heile handlinga blir utspela i det samme rommet, rundt den samme senga. Det stiller store krav til både instruktøren og skodespelarane.

– Stikkordet for eit godt resultat?

– Tillit – til instruktøren og skodespelaren. Ei open innstilling. Og hardt arbeid – i teatret som overalt elles i samfunnet.

– Er du nøgd med «Vi to! Vi to!»?

– P u b l i k u m skal vere nøgd. Men eg vonar dei vil kjenne igjen noko av sitt eige, – at dei vil synast dette er eit m e n n e s k e l e g stykke.



## Sølvi Wang


Sidan 1963 har Sølvi Wang høyr til på Det Norske Teatret, der ho gjorde si første rolle som Gunvor Smikkstugun i den norske musicalen «Trost i taklampa». Ho tok med seg heile sitt overskot, sin sjarm og glans frå revyteatret, og viste samtidig at ho var skodespelarinne og kunne byggje opp ei rolle. Dette har ho utretta vidare

gjennom mange store oppgåver på teatret, oppgåver ho har løyst på ein lysande måte: som Annie i «Annie Get Your Gun», som Anita i «West Side Story», Anna Leonowens i «The King and I» og no Golde i «Spelemann på taket» og Agnes i «Vi to! Vi to!». Ved sidan av har ho òg gjort furore i europeisk og amerikansk TV.





## Lasse Kolstad



Lasse Kolstad gjorde sin entré på Det Norske Teatret for snart 20 år siden, som negersongar i «Show Boat». No er han her på ny som mannleg hovudperson i to store musicals: «Spelemann på taket» og «Vi to! Vi to!»

Vi minnest han frå mange fine dramatiske rolleskapsnader, i første rekke «Peer Gynt», som gav han og teatret lysande triumfar på gjestespel i Skandinavia, Tyskland og Frankrike. Han fekk overalt dei finaste lovord. For rolla som Tevye i «Spelemann på taket» fekk han Kriticarprisen for 1967/68, og ved sida av teaterarbeidet har han òg hatt roller som Skipper Worse og stortingsmann Celius i Fjernsynsteatret.

Frå hausten av er Lasse Kolstad igjen fast knytt til ensemblet, og vi ønskjer han hjarteleg velkomen tilbake!

Lasse Kolstad — nygift ektemann med problem.









# Vito! Vito!

(«I DO! I DO!»)

Ein musical om å vere gift  
av Tom Jones og Harvey Schmidt  
omsett av Hartvig Kiran

**AGNES/SØLVI WANG**

**MICHAEL/LASSE KOLSTAD**

Regi/koreografi/Rikki Septimus

Dekor/Arne Walentin

Kostyme/Per Lekang

Musikalsk leiing/Egil Monn-Iversen

musikalsk innstudering/Tor Hultin

song- og talepedagog/Viran Wallstrøm

parykkmakar/Doro Walstad

inspisient/Tor Kalleberg

lys: Birger Hansen/Kåre Thomassen/  
Kari Borg

suffløse/Mette Sundling

rekvisitørar/Egil Aarum/  
Karsten Kristiansen

scenemeister: Anker Wahlstrøm/  
Josef Valko

Ein pause

Programred.: Tove Ellefsen

Foto: Sturlason/Anisdahl

Grafisk formgjeving: Anisdahl/Christensen

Trykk: Torres Trykkeri, Oslo


Teaterforlag: Cai Ingerslev-Nielsen



# Egil Monn-Iversen

I «Vi to! Vi to!» står det berre to på scenen, men det er mange i orkestret, og den som styrer der er Egil Monn-Iversen, slik han har gjort det i orkestergrava på Det Norske Teatret i mange år. Når han hever taktstokken til Ouvertyren ved ein musicalpremière kan teatersjefen kjenne seg trygg på at det musikalske er i gode hender, – for Monn-Iversen, som privat har blide fløylsaugo, blir på dirigentpodiet ei myndig kraft som stråler s i n musikalitet og sitt kompromisslause krav til kunstnarleg kvalitet inn i orkestret og opp på scenen både til kor og solistar.

Egil Monn-Iversen fotografert under ei orkesterprøve.



## Songnummer i Vi to! Vi to!

### I. AKT:

Prolog/Begge  
Isaman for alltid (Together Forever)  
Vi to! Vi to! (I Do! I Do!)  
God natt (Good Night)/Begge  
Ho eig mitt liv (I Love My Wife)/Michael  
Noko har hendt meg  
(Something Has Happened)/Agnes  
Mitt hjarta er breiddfullt av deg  
(My Cup Runneth Over)/Begge  
Kjærleik er ikkje alt  
(Love Isn't Everything)/Begge  
Feilfri er ingen (Nobody's Perfect)/Begge  
D'er ei velkjend sak  
(A Well Known Fact)/Michael  
Ville Agnes (Flaming Agnes)/Agnes

Når du blir som lort og møkk for mannen din  
(The Honeymoon Is Over)/Begge

### II. AKT:

Kvar er dei no, dei unge år?  
(Where Are The Snows?)/Begge  
Når dei vel er gifte  
(When the Kids Get Married)/Begge  
Vi gjev frå oss Vesla til ein tullebuk  
(The Father of the Bride)/Michael  
Kva er ei kvinne? (What Is A Woman?)/Agnes  
Kva hende, kvifor vart himmelen så blå  
(Someone Needs Me)/Agnes  
Pakk saman pynten  
(Roll Up The Ribbons)/Begge  
Ekteskapet (This House)/Begge



# Mitt hjarta er breiddfullt av deg

(My cup runneth over with love)

HO:

Så mang ein god morgon  
før sol skin på eng,  
eg ligg her og ser kor  
du søv i vår seng.  
Og kviskrar då stundom  
når tanken finn veg:  
Mitt hjarta er breiddfullt av deg!

HAN:

Så mang ei god kveldsstund  
når timane flyr,  
eg ser deg kor flittig  
du saumar og syr.  
Og sæle små stunder  
til minnes eg dreg:  
Mitt hjarta er breiddfullt av deg!

BÅE:

Og før vi det varest  
er tida vår tald.  
Men vi merkar ikkje  
kor verda blir kald.  
Og no, denne timen,  
med sol på kvart steg:  
Mitt hjarta er breiddfullt av deg!

# Kjærleik er ikkje alt

(Love isn't everything)

HO:

Kjærleik er ikkje alt!  
Han gjev deg ikkje lin  
og mat og medisn,  
ber ikkje koks og ved  
og lunkar inga mjølk når ungen skrik og beljar.  
Kjærleik er ikkje alt.  
Han skaffar ikkje stendig nye tørre bleiar.  
Kjærleik gjev strid og mas.  
Men trass i kav og kjas,  
med kjærleik er det berre stas.

HAN:

Kjærleik er ikkje alt!  
Han gjev, når alt er sagt,  
oss inga barnevakt.  
Gjev kjærleik mynt til mjølk  
og blondestas og krus  
på hennar selskapskjolar?  
Kjærleik er ikkje alt.  
Han skaffar ikkje pengar til pianotimar.  
Kjærleik gjev lass å dra.  
Men trass i alt eg sa,  
med kjærleik går det tolleg bra.

BÅE:

Kjærleiken slit deg ut  
med næringsssorg og sut.  
Det svid som sår med salt i.  
Men hjarta nynnar alltid:  
Med kjærleik er det berre stas.  
Med kjærleik er det stas!



## Dei to bak «Vi to»

Det trengst to for å skrive ein musical, og kveldens framsyning har som fedre tekstforfattaren Tom Jones og komponisten Harvey Schmidt. Det skulle ikkje vere nødvendig å seie at dei er amerikanarar, – musical eller musical comedy kan vel seiast å vere Amerikas bidrag til verdsdramatikken. Tom Jones og Harvey Schmidt starta samarbeidet sitt på University of Texas i 1951. Den gongen dreiv dei smått og pent med å skrive revytekstar og -musikk. Ei grei form for studiefinansiering!

Men Broadway er staden for det heilt store i amerikansk showbusiness, og

alt i 1960 kunne Schmidt & Jones notere seg for ein suksess der: musicalen «The Fantasticks» som har vore spela i meir enn 30 land. Her i Noreg gjekk stykket på Chat Noir. Inspirasjonen til «Vi to! Vi to!» er den nederlandske forfattaren Jan de Hartogs skodespel «Himmelsenga», som m.a. er filma med Rex Harrison og Lilli Palmer. Musicalen med den engelske originaltittelen «I Do! I Do!» hadde urpremière på 46th Street Theatre i New York hausten 1966, sett i scene av den kjende instruktøren Gower Champion og med Mary Martin og Robert Preston i rollene.





## Speleplanen framover

Neste premiére på Det Norske Teatret blir det norske kvalfangerstykket «Sønnafor Verden» av Gunnar Mørch. Vi møter her eit mannfolkmiljø i Sørishavet med eit liv og ein realisme som fekk kritikarene til å samanlikne med den unge O'Neill og skodespela hans frå hav- og hamnemiljø. Jack Fjeldstad set i scene, og stykket har mange fargerike roller.

Omkring 1. september kjem «Til Damaskus» av August Strindberg. Det er eit av hans finaste skodespel. Tormod Skagestad set i scene, og Arne Walentin har dekor og kostyme. Midt i september har teatret «polsk» premiére: Henryk Thomazsewski

gjestar oss og set opp «Forbanninga» av Wyspianski. Kazimier Wisniak, ein av Polens fremste scenografar er med han og har ansvaret for dekor og kostyme. Wyspianski er polsk klassikar; diktar, målar og musikar som levde samstundes med Ibsen og Strindberg, og i Polen har han eit stort namn, — men det er første gong han blir presentert for eit norsk publikum.

På speleplanen vidare står Edward Albees siste skodespel: «Everything in the garden», «Læraren» av Arne Garborg og «Hemmet» av Kent Andersson og Bengt Bratt.

T. S.

## Repertoaret på dei andre teatra:



DEN STUNDESLØSE av Ludvig Holberg  
regi: Edith Roger

PRISEN av Arthur Miller  
regi: Knut Hergel

ARSENIKK OG GAMLE KNIPLINGER  
av Joseph Kesselring  
regi: Kirsten Sørli

NARREN OG HANS HERTUG av Stein Mehren  
regi: Per Bronken

MANNEN I GLASSBURET av Robert Shaw  
regi: Knut M. Hansson

FRUER PÅ VIFT av Georges Feydeau  
regi: Yngve Nordwall

### AMFISCENEN

REDDET av Edward Bond  
regi: Magne Bleness

SIRKULÆRET av Vaclav Havel  
regi: Wilfred Breistrand

DIN EGEN VRI av Hester/Hal/Driver  
regi: Kirsten Sørli

CONGO av Aimé Césaire  
regi: Sossen Krogh



STOR STÅHEI FOR INGENTING  
av William Shakespeare  
regi: Barthold Halle



SKULLE DET DUKKE OPP FLERE LIK  
ER DET BARE Å RINGE av Jack Popplewell  
regi: Jon Lennart MjØen

**BARNETEATRET:**

HUSET I SKOGEN av Anne Cath Vestly  
regi: Kjetil Bang-Hanssen

**DUKKETEATRET:**

KARLSSON PÅ TAKET av Astrid Lindgren  
regi: Alfred Solaas

## Mogaland Teater

OM MUS OG MENN av John Steinbeck  
regi: Elisabeth Bang

GUDNABADNE TE NA MOR av Ajax  
regi: Alf Nordvang (premiere i mai)

## trøndelag teater

DET VAR NOE ANNET UNDER KRIGEN  
– gruppeteaterforestilling  
regi: Bo Hermansson

MENS VI VENTER PÅ GODOT  
regi: Sven Henning (premiere i mai)

TARTUFFE av Molière  
regi: Eva Sköld (premiere i mai)



KJØPMANNEN I VENEDIG  
av William Shakespeare  
regi: Knut Thomassen

PIKEN I SUPPEN av Terence Frisby  
regi: Jon Lennart MjØen

MORDERNES NATT av Jose Triana  
regi: Anne Gullestad



EN HANDELSREISENDES DØD  
av Arthur Miller  
regi: Gerda Ring

TAREMAREBY, barnekomedie  
av Ingebrigt Davik/Asbjørn Toms  
regi: Asbjørn Toms

PRISEN av Arthur Miller  
regi: Knut Hergel  
(Samarbeidsturné med Nationaltheatret)

ROSMERSHOLM av Henrik Ibsen  
regi: Tormod Skagestad  
(Samarbeidsturné med Det Norske Teatret)

LÆRAREN av Arne Garborg  
regi: Dagmar Myhrvold







